



Sak: Tilsyn med kommunal beredskapsplikt

Vår dato: 02.07.2019

Vår ref.:  
2019/593 350

Bømlo kommune  
Kommunenr. 1219

Tilsynsleiar: Haavard Stensvand, fylkesberedskapssjef

## Rapport etter tilsyn med kommunal beredskapsplikt

### Innleiing

Fylkesmannen gjennomførte 08.05.2019 tilsyn med kommunal beredskapsplikt i Bømlo kommune.

### Heimel, føremål og avgrensingar

Tilsynet vart gjennomført med heimel i [§ 29 i lov av 26. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivilbeskyttelse og Sivilforsvaret \(sivilbeskyttelseslova\)](#) og [§ 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt av 22. august 2011](#).

Føremålet var å kontrollere om kommunen etterlever krav i lov og forskrift om oppfølging av kommunal beredskapsplikt, jf. §§ 14 og 15 i sivilbeskyttelseslova og i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynsrapporten omhandlar dei avvik og forbedringspunkt som vart avdekte under tilsynet. Den gir ikkje ei fullstendig tilstandsvurdering av det arbeidet kommunen gjer på samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid. Den er såleis heller ikkje ei evaluering av evna som kommunen har til å handtere uønskete hendingar.

### Hovudintrykk

Bømlo kommune er oppteken av samfunnstryggleik og beredskap og viste god forståing for temaa som vart tatt opp under tilsynet. Kommunen legg vekt på å samarbeide med nabokommunar og andre aktørar.

Det gjeldande beredskapsplanverk er omfattande, og delar av det er gamalt og difor noko utdatert. Kommunen er i sluttfasen med revisjon av planverket.

Manglane ved det gjeldande beredskapsplanverket (heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse og beredskapsplan) gjer at Bømlo kommune ikkje tilfredsstiller krava i forskrift om kommunal beredskapsplikt.



## Deltakarar

Haavard Stensvand og Lene Stavseng representerte Fylkesmannen. Desse vart intervjuet individuelt:

- Geir E. Aga (rådmann)
- Bente Ovesen (beredskapsrådgjevar)
- Ove Halleraker (beredskapskoordinator)

I tillegg til dei ovannevnte, var følgjande med på opningsmøte, fellesintervju og sluttmøte:

- Odd Harald Hovland (ordførar)
- Aud Gunn Løklingholm, assisterande rådmann
- Kjell Magnar Mellesdal, kommunalsjef helse, sosial og omsorg
- Bjørn Håvard Bjørklund, kommunalsjef oppvekst, kultur, idrett
- Jarle Nakken, økonomisjef
- Vanja Espeland, personalsjef
- Elisabeth Gjerde, avdelingsleiar arealbruk og fungerande leiar for teknisk avdeling

## Definisjonar

**Avvik:** Brot på etterleving av krav i lov og forskrift om kommunal beredskapsplikt og forskrifta til denne.

**Merknad:** Funn som Fylkesmannen meiner det er grunn til å peike på for å sikre forbetring i oppfølginga av beredskapsplikta.

## Resultat

### Avvik:

Følgjande avvik vart avdekt under tilsynet:

#### Avvik nr. 1

Kravet til heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse), jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 2 og 6, er ikkje tilfredsstillt.

Kommunen har ein heilskapleg ROS-analyse som sist vart revidert i 2011, vedteken januar 2012. Heilskapleg ROS-analyse skal oppdaterast i takt med revisjon av kommunedelplanar og ved endringar i risiko- og sårbarheitsbiletet, jf. § 6 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Den heilskaplege ROS-analysen manglar omtale av ein del relevante risiko- og sårbarheitsforhold. Analysen av uønskete hendingar er til dels mangelfull og for lite spesifikk i vurderingane av kva konkrete konsekvensar dei kan gi for kommunen. ROS-analysen har i liten grad sett på korleis allereie utbygde område kan verte råka av uønskete hendingar, og korleis klimaendringar vil kunne påverke risiko- og sårbarheitsforhold.



ROS-analysen omtalar og vurderer i for liten grad kritiske samfunnsfunksjonar, særleg evna som kommunen har til å oppretthalde tenester for innbyggjarane under ulike typar påkjenningar. Det er òg for lite konkret skildra kva oppgåver og tiltak som kan verte aktuelle å setje i verk for kommunen, særleg kommuneleiinga.

Kommunen nyttar UMS, som eit SMS-basert system for varsling av innbyggjarane. I ROS-analysen er det i liten grad vurdert kva trong det kan vere for å varsle og evakuere befolkninga under ulike hendingar.

### Avvik nr. 2

Kravet til heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid, jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3, er ikkje tilfredsstillt.

Kommunen har ikkje ein plan for, og prioritering av korleis samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet skal følgjast, med bakgrunn i den heilskaplege ROS-analysen.

### **Merknad:**

Følgjande forbetringpunkt vart avdekt under tilsynet:

I planen for krisekommunikasjon bør det gå fram at informasjon under uønskte hendingar òg må nå fram til dei med anna morsmål enn norsk. I tillegg bør den omtale grensesnittet i informasjonsarbeidet mellom kommunen og politiet/naudetatane (kven uttalar seg om kva).

## **Dokumentasjon**

Følgjande dokument er nytta som grunnlag for tilsynet:

- Kommunal planstrategi – Bømlo kommune 2016-2020, mai 2016 (utdrag )
- Kommuneplanens samfunnsdel – 2013-2025, mars 2013 (utdrag)
- Kommuneplanens samfunnsdel – 2019-2049 høyringsutkast
- Heilskapleg ROS-analyse for Bømlo kommune 2011, vedteken kommunestyret 30.01.2012
- Beredskaps- og kriseplan Bømlo kommune 2011, vedteken kommunestyret 30.01.2012
- Kontaktdetaljar for beredskap, sist revidert 17. desember 2018
- Kontaktdetaljar for beredskap for KKL, sist revidert 27. februar 2019
- Krise- og beredskapsplan for seksjonen helse, sosial og omsorg, sist revidert februar 2013
- Krise- og beredskapsplan for seksjonen oppvekst, kultur og idrett, sist revidert 01.08.2015
- Beredskapsplan ved straumbrot over lengre tid (sist revidert 21.09.2018)
- Overordna beredskapsplan – administrativ del, vedteken desember 2018 (ikkje tatt i bruk i påvente av ferdigstilling av resten av nytt beredskapsplanverk).
- Risikostyringsplan 26.03.2012
- Plan for helse og sosialberedskap 26.04.2018
- Øvingsplan 2017-2018
- Øvings- og opplæringsplan 2019
- Evalueringsrapportar:



- ✓ Rapport frå rådmannen etter Turøy ulukka 29.04.2016
- ✓ Rapport etter Brann i Bømlo helsehus 28.07.2016
- ✓ Rapport etter Ferjebrannen 29.10.2016
- Øvingsrapportar: (utdrag)
  - ✓ Gjennomført øving – intern varslingsøving 12.12.2018
  - ✓ Gjennomført øving med UMS varslingsystem og DSB skogbrannkart 04.07.2018

I tillegg gjorde kommunen desse dokumenta tilgjengeleg for oss, utan at dei vart brukt som grunnlag for tilsynet:

- Psykososialt kriseteam, div dokument:
  - ✓ Psykososialt kriseteam, aktivering og informasjonsflyt (prosedyre)
  - ✓ Psykososialt kriseteam, retningslinjer
  - ✓ Psykososialt kriseteam, retningslinjer ved aktivert psykososialt kriseteam
  - ✓ Psykososialt kriseteam, kontaktark, registrering av alle ein møter i aktuelle saker
  - ✓ Psykososialt kriseteam, skjema: Logg
  - ✓ Psykososialt kriseteam, personlogg, registrering av alle kontaktar med enkeltperson
  - ✓ Informasjon om vanlege reaksjonar til involverte etter ei hending
- Beredskapsplan IUA Nord-Rogaland og Sunnhordland
- Prosedyre: Etterfylling av drivstofftank på naudstraumsaggregat
- Smittevernplan med vedlegg, sist revidert 15.06.2018
- Pandeminplan med vedlegg, sist revidert 21.06.2018
- Mal for rapport etter gjennomførte øvingar
- Oversikt over gjennomførte øvingar (vert oppdatert etter kvar ny gjennomført øving)
- Prosedyre: Beredskapsdokument; skriving, revisjon, godkjenning, fordeling